



## Møteinkalling

---

<b>Utval:</b>	<b>Jostedalsbreen nasjonalparkstyre</b>
<b>Møtestad:</b>	Teams
<b>Dato:</b>	20.06.2022
<b>Tidspunkt:</b>	09:00

---

Velkommen til det tredje møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2022!

Grunna møtekollisjon og ugunstige høve for synfaring i Kjenndalen gjennomførast styremøtet digitalt på Teams denne gongen.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltarane, Tor Arne på tlf. 90 19 24 71 eller Marthe på tlf. 91 71 95 51.

Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Velkommen!

Venleg helsing

Tor Arne Hauge og Marthe Gjerde

Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



## Saksliste

<b>Utvalgs-saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv-saksnr</b>
ST 16/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 17/22	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 18/22	Klage på vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Kattanakken - Skilting og sikringstiltak på sti	2022/4877	
ST 19/22	Jostedalsbreen National Park - permission for geological sampling - Potsdam University	2022/7100	
ST 20/22	Jostedalsbreen nasjonalpark - Sunndalssætra i Stryn - Vedlikehald av sel, og helikoptertransport - Gnr 14 bnr 5 Vivian Guddal	2022/545	
ST 21/22	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - dispensasjon frå verneforskrifta for innsamling av belegg til artsbestemming - Tungestølen	2022/4541	
ST 22/22	Delegerte saker		
DS 2/22	Jostedalsbreen nasjonalpark - Storselet på Sunndalssætra - utvida frist for ferdigstilling	2019/4933	
DS 3/22	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikoptertransport - Storselet på Sunndalssætra	2019/4933	
DS 4/22	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida løyve for motorferdsel og utvida feltperiode i 2022 for JOSTICE-prosjektet – Høgskulen på Vestlandet	2019/8670	
ST 23/22	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 17/22	Request for information - Jostedalsbreen research project July 22	2022/8131	
RS 18/22	Nynorsk versjon av søknadsskjemaet for bruk av kommersielt merke tilgjengeleg	2022/4022	
RS 19/22	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksmidlar til toalettloysing ved Kjenndalsbreen sommaren 2022 - Loen Reiselivslag	2021/16471	
RS 20/22	Verneområder og samarbeid med DNT om UT.no	2022/363	
RS 21/22	Regional samling for Vestlandet i Loen 31. mai - 1. juni 2022 - Miljødirektoratet	2022/363	
RS 22/22	Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 73 fjerde ledd til statsforvalteren og verneområdestyrene	2022/363	

Orienteringar i møte:

1. Status sekretariatet
2. Skjøtselsplan Tungestølen
3. Status skjøtselsplanar Strynedalane
4. Status tiltak

5. Fotokonkurranse - status
6. 30-års markeringar
7. Brosjyrekart og Breturkartet
8. Nettsider på engelsk
9. SNO sidan sist
10. Ny dagleg leiar Breheimsenteret
11. Mediasaker sidan sist

**ST 16/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 17/22 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**



Arkivsaksnr: 2022/4877-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 09.06.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	18/22	20.06.2022

## Klage på vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Kattanakken - Skilting og sikringstiltak på sti

Vedlegg:

- 1 Klage på utvalssak 14/22 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.
- 2 Klage på vedtak 14 -22
- 3 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Kattanakken - Skilting og sikringstiltak på sti

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre tek klag frå Oldedalen utviklingslag, datert 18.05.2022, til følgje og gjer følgjande vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjer, med heimel i verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kap. IV punkt 1.3, 4.strekpunkt, følgjande vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre får dispensasjon til følgjande sikringstiltak på den eksisterande stien til Kattanakken i Oldedalen:

- Etablering av fysisk sikring, i form av wire festa med boreboltar i fjell/stein, på to stader langs den eksisterande stien
- Etablering av små vegvisarvardar langs øvre del av stien, ovanfor Sauskorholten
- Setje opp eit informasjonsskilt ved Sauskorholten
- Rydde og ta ned rasstein og legge til rette ny sti gjennom steinraset nedanfor Sauskorholten

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- Nøyaktig plassering av boltar og wire skal avklarast på staden i samråd med representant frå Statens naturoppsyn
- Boring og oppsetjing av wire skal utførast av Statens naturoppsyn
- Utforming og plassering av informasjonsskilt skal drøftast med Oldedalen utviklingslag
- Alle tiltak skal utførast så skånsamt som mogeleg for omgjevnadane og naturverdiane i området
- Jostedalsbreen nasjonalparkforvaltning vert eigar av sikringstiltaka og dermed ansvarleg for ettersyn og vedlikehald av sikringstiltaka
- Plassering av dei ulike tiltaka er vist i kart (figur 2) i saksutgreiinga til sak 14/22
- Sikringstiltaka skal gjennomførast innan 1.november 2022.



## Saksopplysningar

Oldedalen utviklingslag har klaga på ordlyden i vedtaket Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjorde i styresak 14/22 *Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Kattanakken – Skilting og sikringstiltak på sti*.

Nasjonalparkstyret gjorde då fylgjande samrøystes vedtak i styresak 14/22:

*Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjer, med heimel i verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kap. IV punkt 1.3, 4.strekpunkt, følgjande vedtak:*

*Oldedalen utviklingslag får dispensasjon til følgjande sikringstiltak på den eksisterande stien til Kattanakken i Oldedalen:*

- *Etablering av fysisk sikring, i form av wire festa med boreboltar i fjell/stein, på to stader langs den eksisterande stien*
- *Etablering av små vegvisarvardar langs øvre del av stien, ovanfor Sauskorholten*
- *Setje opp eit informasjonsskilt ved Sauskorholten*
- *Rydde og ta ned rasstein og legge til rette ny sti gjennom steinraset nedanfor Sauskorholten*

*Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:*

- *Nøyaktig plassering av boltar og wire skal avklarast på staden i samråd med representant frå Statens naturoppsyn*
- *Boring og oppsetjing av wire skal utførast av Statens naturoppsyn i nært samarbeid med Oldedalen utviklingslag*
- *Utforming og plassering av informasjonsskilt skal godkjennast av sekretariatet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre*
- *Alle tiltak skal utførast så skånsamt som mogeleg for omgjevnadane og naturverdiane i området*
- *Det er ein føresetnad at Oldedalen utviklingslag vert eigar av sikringstiltaka og dermed ansvarleg for ettersyn og vedlikehald av sikringstiltaka*
- *Plassering av dei ulike tiltaka er vist i kart (figur 2) i saksutgreiinga.*
- *Sikringstiltaka skal gjennomførast innan 1.november 2022.*

Tidlegare leiar i Oldedalen utviklingslag Jon Olav Kvamme tok telefonisk kontakt med sakshandsamar for å varsle at Oldedalen utviklingslag hadde motteke vedtaksbrev og var usikre på om dei kunne ta på seg ansvaret som vedtaket la opp til. Det var i første rekke det tredje siste vilkåret i løyvet som det vart reagert på:

*«- Det er ein føresetnad at Oldedalen utviklingslag vert eigar av sikringstiltaka og dermed ansvarleg for ettersyn og vedlikehald av sikringstiltaka»*

Utviklingslaget ville drøfte saka på sitt neste styremøte. Nasjonalparkforvaltar gav uttrykk for at dersom utviklingslaget ikkje ville/kunne ta på seg ansvaret som det var lagt opp til i vedtaket, så burde dei sende ein klage på vedtaket, slik at nasjonalparkstyret i neste møte kunne vurdere vedtaket og vilkåra på nytt.



Oldedalen utviklingslag sendte 21.05.2022 inn klage på vedtak gjort i styresak 14/22 i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. I klagen peikar dei på at det er positivt at nasjonalparkstyret har gjort vedtak om utbetring og sikring, i tillegg til skilting. Oldedalen utviklingslaget er likevel tydeleg på at dei i vedtaket er tillagt for mykje arbeid og ansvar. Utviklingslaget er eit dugnadsbasert lag som korkje har kapasitet eller kompetanse til å ta på seg eit slikt arbeid. Dei kan heller ikkje ha det juridiske ansvaret som kan følgje med. Utviklingslaget kan likevel vere hjelpsame med å melde frå til nasjonalparkforvaltninga når dei oppdagar, eller får melding om feil eller skadar på tiltak som er utført.

Nasjonalparkforvaltninga har i sin tiltaksplan for 2022 sett av kr 50 000,- til skilting og sikring Kattanakken.

## **Vurdering**

Det som skal vurderast i denne klagesaka er berre eigarskap og ansvar for eventuelle sikringstiltak på Kattanakkstien. Endra eigarskap og ansvar for sikringstiltaka er ikkje noko som påverkar dei konkrete fysiske tiltak som det er gjeve løyve til i styresak 14/22. Det betyr at vurderingane etter verneforskrifta punkt 1.3 og naturmangfaldslova §§ 8-12, som er gjort i styresak 14/22, står ved lag og er gjeldande også i denne saka.

Generelt sett så er vi i miljøforvaltninga forsiktige med å gjere tiltak for tilrettelegging og sikring utan å ha avtale med andre aktørar om drift og ettersyn av tiltaket. Oldedalen utviklingslag har saman med lokalt næringsliv i Oldedalen vore initiativtakar til og pressa på for å få til sikringstiltak på Kattanakkstien. Difor vart det i denne saka frå sakshandsamar føreslått at Oldedalen utviklingslag skulle ta eigaransvar for dei sikringstiltaka som eventuelt vart etablert på Kattanakkstien. Forvaltar ser i ettertid at formuleringane i framlegg til vedtak i styresak 14/22 burde ha vore nærmare avklara med Oldedalen utviklingslag, helst gjennom ein skriftleg avtale, før det vart lagt fram for nasjonalparkstyret til handsaming.

Når Oldedalen utviklingslag ikkje ønskjer å ta på seg eigarskapet og ansvaret for sikringstiltaka, betyr det at andre må gjere det, eller at sikringstiltaka ikkje kan utførast. Utviklingslaget meiner at det er nasjonalparkstyret sitt ansvaret å gjennomføre tiltaka.

Forvaltarane var sommaren 2021 på synfaring saman med SNO og representant for Oldedalen utviklingslag der aktuelle sikringstiltak vart vurdert. Konklusjonen etter synfaringa var at nokre mindre sikringstiltak bør gjerast. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sette av kr 50 000,- på tiltaksplanen for 2022 til utføring av desse tiltaka.

Dersom nasjonalparkstyret tek på seg eigarskapet og ansvaret for sikringstiltaka på stien må nasjonalparkstyret syte for at dei etablerte sikringstiltaka heile tida er i god stand, slik at ikkje det skjer uhell knytt til bruken av desse. Oldedalen utviklingslag har sagt seg villig til å vere hjelpsame og melde i frå om dei oppdagar skadar og manglar på sikringstiltaka.

Nasjonalparkforvaltar tilrår at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre tek på seg eigarskap og ansvaret for desse mindre sikringstiltaka på stien til Kattanakken.



Arkivsaksnr: 2022/7100-0

Sakshandsamar: Marthe Gjerde

Dato: 18.05.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	19/22	20.06.2022

## Jostedalsbreen National Park - permission for geological sampling - Potsdam University

### Recommended decision from the administration

**Post-doctoral researcher Dr. Maxime Bernard at Potsdam University is granted exemption to perform sampling of rocks for scientific research in Jostedalsbreen National Park. Permission is given for a maximum number of 9 rock samples as shown in maps attached to the application. Exemption is given pursuant to Nature Diversity Act ('naturmangfaldlova') § 48.**

The permit applies with the following conditions:

- The permission is granted for the period 20 June to 31 October 2022.
- A total number of maximum 9 rock samples are granted.
- Sampling must be done with special care, as to minimize negative impact on the landscape.
- Rocks shall not be sampled from exposed, flat areas, and the applicant should leave as little scars in the landscape as possible. Preferably, samples are extracted from cracks or similar features already present in the landscape.
- In those cases where digging is necessary, vegetation must be put in place after sampling.
- Rock samples shall not be extracted closer than 30 meters to any eventual hiking trails.
- Each sample may be up to 4 kg rock.
- All sample localities shall be documented with photographs showing before and after sampling and GPS coordinates. This information shall be presented in a report that must be sent to the Board of Jostedalsbreen National Park, which shall also be informed when the fieldwork is completed - [jostedalsbreen@statsforvalteren.no](mailto:jostedalsbreen@statsforvalteren.no)
- All litter shall be carried out of the national park.

We inform you that you also need a permission to extract samples from any relevant property owners before the field activity is initiated.



## Background

### Relevant documents:

- E-mail from Dr. Maxime Bernard with request for information, dated 4 April 2022
- Application for field work with attachment: "Proposal for sampling rocks in the Jostedalsbreen National Park, Norway", dated 5 May 2022
- Regulations for Jostedalsbreen National Park, dated 25 October 1991
- Nature Diversity Act ('naturmangfaldlova'), dated 19 June 2009

## The application

The administration for the Board of Jostedalsbreen National Park received a request for information about regulations regarding sampling rocks within the national park from Dr. Maxime Bernard, a post-doctoral researcher affiliated with the ERC Project COOLER at Potsdam University on 4 April 2022. Dr. Bernard is part of a European research project where they aim to unravel the link between glaciations and climate cooling observed in the Quaternary, through erosion of the topography. Regarding this goal, they wish to sample rocks around the main fjords in Norway to better understand how glacial erosion is spatially and temporally distributed, and to unravel the long-term (few million years) development of the Norwegian landscape. For this, they use a dating technique called thermochronology that enables them to constrain the past dynamics of the topography.

On 5 May, Dr. Bernard and colleagues sent a formal application with a proposal for sampling strategy and an overview of proposed sample localities marked on maps. They wanted permission to conduct fieldwork in several locations within, and outside of, the national park. A total of 9 (marked as red dots in Maps 1 and 2, see below) of the 17 targeted, as well as 4 (marked as yellow dots) of the 9 optional samples are placed within the national park's borders. The review of the application will therefore include only the samples that they wish to extract from within the borders, where the National Park Board holds authority. For the remaining samples outside the national park, shown as blue dots (targeted sample sites) and purple dots (optional sample sites) in Maps 1 and 2, the individual landowners must be requested for permission.

The research group will work in the area around Jostedalsbreen between 19-26 July 2022. The sampling locations are shown in Maps 1 and 2. In total, the research team aim at collecting 9 samples within the borders of the national park (red dots in Maps 1 and 2), with 4 samples in option (yellow dots) in case some of the targeted locations prove inaccessible for any reason. The optional samples will in that case substitute other samples so that the total number of collected samples is limited.

Dr. Bernard and colleagues write:


*"Each sampling site target apatite-bearing lithologies such as gneisses and granites that mostly outcropping in the area. For each, we will collect up to 4 kg of rocks using hammers to ensure enough amount of apatites resulting from the mineral separation process. We will*



## Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

*reach sampling sites by car up to where it is possible. The remaining distances will be travelled by feet."*

There is no need of motorized transportation for the necessary field work.




Sentrerposisjon: 68611.08, 6849012.48  
Koordinatsystem: EPSG:25833  
Utskriftsdato: 18.05.2022

Kartverket

**Map 1:** Proposed sample localities southern part. Red: Targeted sample sites inside the National Park (NP). Blue: Targeted sample sites outside the NP. Yellow: Optional sample sites inside the NP. Purple: Optional sample sites outside the NP. Green solid line denotes the NP.



## Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



Senterposisjon: 71319.08, 6875542.42

Koordinatsystem: EPSG:25833

Utskriftsdato: 18.05.2022

0 1 2 3 4km

Kartverket

**Map 2:** Proposed sample localities northwestern part. Red: Targeted sample sites inside the National Park (NP). Blue: Targeted sample sites outside the NP. Yellow: Optional sample sites inside the NP. Purple: Optional sample sites outside the NP. Green solid line denotes the NP.



## National Park regulations

With respect to regulations within the national park, it is basically forbidden to break loose rock and minerals (cf. section IV):

*[...] Det er forbode å bryte laus Stein, mineralar eller fossilar. [...]*

Any exemption must be provided by the Nature Diversity Act ('naturmangfaldlova'; nml) § 48 (exemption from a protection decision), and in this particular case, by the first paragraph, first alternative:

*"The administrative authority may grant exemption from a protection decision if it is not contrary to the purpose of the protection decision and cannot make a significant impact on the conservation value, or if safety considerations or important public interests make it necessary."* (our underlining).

The applied dispensation from the protection regulation for Jostedalsbreen National Park must be treated by the general exemption in nml § 48, first paragraph, first alternative. This edict set two conditions for when a dispensation can be given. The applied action shall not affect the conservation values noticeably, and the action must not go against the goal of the protection.

This edict is a so called can-edict, which means that a concrete evaluation is made of whether or not a dispensation shall be given if the conditions are met. When deciding if a dispensation will be given, an individual evaluation is made looking at magnitude, environmental effect, and necessity of the applied action. Dispensation will only be given in cases where the effects on the conservation values are insignificant or restricted.

The applicant is responsible for necessary permissions from landowner(s).

In processing the application with nml § 48 one must also consider the environmental principles in nml §§ 8 – 12.

## Consideration

A permission will have to be granted according to section 48 in the Nature Diversity Act, which replace the National Park statutes, pt. VI.

According to the Nature Diversity Act, section 48, an exception from the national park regulations can be made if the activity is not ambivalent to the purpose of the national park, and as long as it will not substantially influence the nature. The purpose of Jostedalsbreen National Park is, among others, to protect a large, varied, and valuable glaciated area with its associated areas stretching from lowlands to high-altitude mountainous regions, with its flora and fauna and geological features in original condition. Also, the national park shall be a place for simple outdoor life. From the national park regulations, chapter III:

*«Føremålet med nasjonalparken er:*



- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.[...» (our underlining).

The geology in the national park is an important objective to the protection of the area and must therefore be preserved. This particular application may be compared to a former application for rock sampling for thermochronological purposes that was permitted by the National Park Board in 2018, case no. ST 26/18. It is there assessed that the volume of rock samples permitted is relatively small enough to not inflict 'notable influence' on the natural environment. In case ST 26/18, a total number of 7 rock samples up to 3 kg/1 L each was permitted. The application from Dr. Bernard involves up to 2 more samples with a maximum of 9 samples, yet, the administration assess that the total volume applied for is well within reasonable amounts and that the sampling will not affect the conservation values noticeably. Conditions are met and nml § 48 may permit a dispensation. The legal basis for a permit is present, and one must further assess if it is professionally advisable to permit a dispensation.

The sampling strategy is to collect up to 4 kg of rocks using hammers to ensure enough amount of apatite resulting from the mineral separation process. This amount is 1 kg more per sample than applied for in the aforementioned case, ST 26/18. The administration assess that for this particular application and subsequent laboratory procedure up to 4 kg of rocks at each of the 13 localities should be allowed. Samples should be collected from outcrops where there are cracks or similar features already present. The administration further encourage that sampling sites are carefully selected and leave as little scars in the landscape as possible, and sampling should not be conducted from exposed, flat areas. Likely, there will be scars in the landscape from this, but the marks will likely be small, not clearly visible, and only visible from a short distance. There is no need of motorized transportation or motorized tools for the necessary field work.

The knowledge base for this application (cf. nml § 8) is satisfactory. The applicant has written a thorough proposal with maps showing how and where the sampling is to take place, as well as explaining the scientific rationale behind the research project. It is not expected that the sampling will affect vulnerable nature or conservation values. The precautionary principle in nml § 9 needs not be emphasized.

According to nml § 12 one shall avoid or limit harm to the nature diversity based on operating method, technique, and localization that based on a collected evaluation gives the best results for the community. Dr. Bernard and colleagues has chosen sample localities within the national park's border due to geological circumstances and will apply only hand power and hammers when sampling. The administration set terms that flat and exposed areas that are easily visible sites for visitors to the national park, shall not be sampled, as well as terms of photographic documentation of all sample sites. Nml § 12 is met.

Rather, one should stop and consider nml § 10, which involves ecosystem approach and total load of both the applied-for action as well as potential future applications. One must then assess the potential precedence of a permit; if one applicant is allowed something, others must thereafter be confident that they are also allowed similar permits. Previously, sampling for this particular methodology has been allowed, but in smaller volumes. Nevertheless, the administration finds the amount of rocks applied for here tolerable and not



forming any potential problematic precedence at a later point in time. Nml § 10 is thus assessed and met.

According to naturmangfaldlova § 11 it is the part initiating an activity that has to cover the cost to avoid or limit harm to the nature diversity the activity may cause. This is not of relevance here.

Scientific research in Jostedalsbreen National Park is permitted. In the management plan for Jostedalsbreen National Park scientific research is regarded as valuable in order to increase knowledge of nature, with a precaution that the activity does not impact the conservation values. In this case I evaluate the impact on nature as small, and the advantages of the research as exceeding the disadvantage for nature, as the impact will be small, and the terms set establish that any eventual scars in the landscape should be kept to a minimum. Knowledge produced in this project will give valuable insight on the evolution of the landscape and geology (which is part of the purpose of the protection) of the national park. The exemption from the regulations is given pursuant to nml § 48 and does not conflict with nml §§ 8-12. The administration therefore advises to permit the application.



Arkivsaksnr: 2022/545-9

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 24.05.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	20/22	20.06.2022

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - Sunndalssætra i Stryn - Vedlikehald av sel, og helikoptertransport - Gnr 14 bnr 5 Vivian Guddal**

### **Innstilling frå forvaltar**

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette Vivian Guddal løyve til byggearbeid på Olemanselet, tilhøyrande gnr 14 bnr 5, på Sunndalssetra i Stryn kommune.

Løyvet gjeld rehabilitering med følgjande vilkår:

1. Arbeidet skal utførast så tett opp mot eksisterande material- og fargebruk som mogeleg.
2. Selet skal ha same takvinkel og takutstikk som i dag.
3. Selet skal kledast med liggjande kledning, medan vedskjulet skal ha ståande kledning slik det har i dag.
4. Til kledning skal det nyttast ufalsa, rettskoren kledning av ulik breidde, t.d. 7", 8", eller 9", ikkje såkalla villmarkspanel.
5. Ved eventuell utskifting av vindauge eller dører skal dei vere av same storleik, utforming og materialbruk, og ha same plassering.
6. Utbetring av muren skal gjerast ved tørrmuring og det skal ikkje tilførast stabilisérande materiale som betong.
7. Trematerialar som ikkje treng bytast ut skal nyttast vidare, jamfør vanleg praksis i kulturminnevernet.
8. Taket skal vere av same type som i dag; aluminiumsplater.
9. Materialar skal lagrast forsvarleg og rivingsavfall skal takast hand om slik at dei ikkje vert eit forsøplingsproblem.
10. Alt rivingsavfall, med unntak av reint trevirke som kan brennast i omn, skal fraktast ut av nasjonalparken og leverast til godkjent mottak innan 01.11.2023.
11. Løyve til restaurering gjeld til og med 01.11.2023.
12. Rapport og biletar skal sendast nasjonalparkforvaltar ved avslutta prosjekt, seinast innan 01.12.2023.



- I medhald av verneforskrifta punkt 4.3 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til lågtflyging og landing med helikopter på Sunndalssætra på følgjande vilkår:
1. Inntil 3 hiv med helikopter med det føremål å frakte material, verktøy og utstyr inn til setervollen i samband med byggeprosjektet, og til frakt av avfall ut att. Løyve til eventuelt fleire hiv kan avgjera delegert av nasjonalparksekretariatet.
  2. Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagar og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftsliv.
  3. Det må takast særleg omsyn til eventuelle beitedyr i samband med flyginga.
  4. Flyginga bør koordinerast med andre på Sunndalssætra som også har løyve til helikopterflyging, slik at total motorferdsle blir halden på eit minimum.
  5. Dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen
    - a. (tlf 95 96 38 88) eller nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge (tlf 90 19 24 71) pr. sms eller telefon.
  6. Flygeløyvet gjeld fram til 01.11.2023.

## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Søknad frå Vivian Guddal, datert 09.01.2022
- Bilete frå Olemanselet på Sunndalssætra, sendt 13.01.2022
- E-postveksling mellom Vestland fylkeskommune og nasjonalparkforvaltar
- Om Sunndalen – Etnologisk feltarbeid i Oppstryn sommaren 1974 – med oversiktsskisse, teikningar og snitt av Olemanselet
- Brev frå Vestland fylkeskommune – restaurering av Olemanselet – datert 06.05.2022

### Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark (2001)

### Søknaden

Vivian Guddal søker om løyve om omfattande vedlikehald av gamleselet tilhøyrande gardnr 14 bnr 5 på Sunndalssætra i Stryn, kalla Olemanselet eller Olmanselet.

Selet er gammalt og treng utbetring for at det skal kunne takast vare på vidare. Tiltaket må gjennomførast sommaren 2022, då tilstanden på taket er svært dårlig, slik at det er fare for at heile taket kan flakne av om det vert sterkt vind fra aust.

Det er søkt om å byte takplater på heile selet og forsterke/skifte ut sperr med råteskadar i endane. Det er planlagt å leggje undertak av duk eller plater, oppkleting med sløyfer og lekter og montering av nye takplater i aluminium og nye vindskeier. Utvendige tømmerveggar er planlagt kledd med liggjande, ufalsa kledning, utanpå vinsperreduk og spikarslag. Dei to eksisterande vindaugea er planlagt bytt ut med nye i same storleik. Pipa skal skiftast, og ny ståpipe med gjennomføring i tak er planlagt. Eksisterande vedskjul skal rivast og byggjast opp nytt, då dagens vedskjul har råteskadar. Muren inne i vedskjulet er i ferd med å skli ut og må utbetrast/stabilisera.



Søkjar har sendt inn bilete som syner fasadane på selet slik dei ser ut ved søknadstidspunktet.


Det vert og søkt om 3 stk. helikopterhiv til transport av materialar inn og avfall ut.



Figur 1 – Olemanslelet 2021 - fasade mot nord



Figur 2 – Olemanslelet 2021 – fasade mot sør



Figur 3 – Olemanselet 2021 – fasade vest



Figur 3 – Olemanselet 2021 – fasade aust

Olemanselet er eit gammalt bygg som i liten grad er endra dei seinaste åra. Selet er tømra og var truleg opphaveleg tekt med torv. Torvtaket er seinare bytt ut med takplater i aluminium og den søre veggen vart kledd med panel ein gong før 1974. I samband med etnologisk feltarbeid i Oppstryn vart bygningane på Sunndalssætra målt opp og teikna ned. I 1991 vart det gjennomført SEFRAK-registreringar på Sunndalssætra. Olemannselet vart då registrert i SEFRAK-registeret. Selet er oppført ein gong på 1800-talet.

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark (nettutgåve mars 2002) ligg Sunndalssætra i eit område definert som brukssone. Dette er område der ein del tiltak og inngrep kan tillatast.

I forvaltningsplanen punkt 7.2.5. *Kulturminne og bygningar* står det mellom anna at:  
«...Forvalningsstyresmakta kan ikkje stå for vedlikehald og restaurering av grunneigarane sine bygningar. Vi er difor avhengige av at eigarane sjølve tek vare på stølshus og fjøsar innanfor og i randsonene til nasjonalparken. I samarbeid med fylkeskultursjefen vil vi bidra med kunnskap om byggjeskikk og råd ved (om-)bygging og restaurering av stølshus og fjøsar innanfor og utafor nasjonalparken.»

Den gamle ferdslevegen mellom aust og vest, over Kamperhamrane, går gjennom Sunndalen. Kulturlandskapet og bygningsmiljøet på Sunndalssætra har stor kulturhistorisk verdi. Det er difor viktig å ta vare på dei eksisterande eldre bygningane på sætra.



Nasjonalparkforvaltar vurderer Olemanselet, eit av dei eldre sela på Sunndalssætra, som viktig å ta vare på, og tok difor tidleg kontakt med kulturminnemynde hjå Vestland fylkeskommune for å få råd i saka. Dei vart i e-post datert 13.01.2022 spurt om ei fagleg vurdering av restaureringsprosjektet og om eit restaureringsprosjekt kunne vere aktuelt for støtte frå kulturminnefondet eller andre stønadsordningar. Søkjær har i etterkant vorte tipsa om mogelege søknadsordningar som kan vere aktuelle ved restaurering av verneverdig bygning.

I seinare telefonsamtalar med sakshandsamar på seksjon for kulturarv, Vestland fylkeskommune vart det stilt konkret spørsmål om bygningen bør restaurerast som den er, med tømra veggar utan kledning, eller om søkjær bør få dispensasjon til å gjere fasadeendring ved å kle inn tømra med utvendig panel. Det vart i utgangspunktet avtala ei synfaring saman med sakshandsamar på seksjon for kulturarv, men dette viste seg å vere uråd å få til før sommaren 2022.

Etter fleire telefonar til kulturavdelinga kom det 06.05.2022 følgjande svar på e-post frå seniorrådgjevar Berit Alise Høivik ved seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune:

*Hei, visar til telefonsamtale og beklager sein tilbakemelding.*

*Eg har no vurdert saka så godt som muleg utan synfaring, men ut frå dei kilder som er til rådvelde.*


*Det er svært positivt at selet og stølsområdet framleis er i tradisjonell bruk. Det er søkt om tiltak på selet i form av nytt tak, utskifting av pipe, skifting av vindauge og kle att dei lafta veggane. Det er også ønske om å rive og sette opp att vedsjulet.*

*Vi har forståing for at det er naudsynt med vedlikehald på stølshuset, og vi har ikkje merknader til det. Eit ønske om å skifte taket førar naturleg til utskifting av råte materiale i sperr. Det skal leggast nytt undertak og montere takplater av aluminium. Vi ser at dette arbeidet ikkje inneber restaurering i form av tilbakeføring til opphavlegeg utforming og materialbruk. Slike krav vert ikkje stilt då huset har gjennomgått ein endring over tid og tilpassa seg jamn bruk.*

*Vi vil likevel be om arbeidet som skal utførast i denne omgang, vert utført så tett opp til eksisterande material- og fargebruk. Det er også viktig at storleik på vedsjul ikkje fråvik det eksisterande. Ved skifting av vindauger og eventuelet dører, må dei vere av same storleik, utforming og materialbruk. Det er viktig at stølshuset ikkje får eit endra uttrykk, men at det vert laga kopi av det som skal skiftast ut. Ved utbetring av muren i vedsjulet er det viktig å bruke tørrmur og ikkje tilføre stabiliserande materiale som betong.*



Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre






## SEL, PLAN.

SUNNDALSETRA, OLEMANNSELET  
Anders R. Guddal gnr.14 bnr.5

76

Sunndalen,  
Stryn, Sogn og fjordane.



M. 1:50.

Oppmåling ved Institutt for folkelivsgransking  
5.juli 1974 V Oddvar Bjørvik.

Tegnet 18 desember 1974.—Tørill Sand






## SEL, SNITT.

SUNNDALSETRA, OLEMANNSELET  
Anders R. Guddal gnr:14, bnr:5.

77

Sunndalen,  
Stryn, Sogn og Fjordane



M. 1:50.

Oppmåling ved Institutt for folkelivsgransking  
5 juli 1974. V/Oddvar Bjørvik.  
Tegnet 18 desember 1974 — Torill Sand



### Lovgrunnlag

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark står det i § IV, punkt 1.1: *Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting av bygningar (...).* I punkt 1.2., første strekpunkt står det: *Reglane er ikkje til hinder for at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggjesikken på staden, men ikkje endrast, bygjast om eller utvidast, (...)* Punkt 1.3, første strekpunkt, seier at *Forvaltningsstyresmakta (...) kan når særlege grunner ligge føre gje løyve til å byggje, ombyggje, utvide eller endre bygningar m.m som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området, (...).*

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av material til hytter m.m., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trangen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*»

Stølsmiljøa i Jostedalsbreen nasjonalpark er ein viktig del av landskapsbiletet, og tiltaket skal difor også vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (nml).

### Vurdering

Forvaltar har vore i kontakt med Stryn kommune om denne saka. Stryn kommune vurderer at saka ber preg av å vere ei rein vedlikehaldssak. Forvaltar legg den likevel fram for nasjonalparkstyret, då den inneber både motorisert ferdslle og vesentleg endring av eksteriør ved å setje på kledning ut på dei gamle tømraveggene.

Med grunnlag i verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark er det viktig å ta vare på stølsmiljøa, som til dømes på Sunndalssætra. I forvalningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er retningsline for kulturminne og bygningar omtala slik: «*Hindre at kulturminne og verdfullt kulturlandskap vert øydelagde av inngrep og slitasje. Dersom det er ønskjeleg skal verdfulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø i Jostedalsbreområdet takast vare på gjennom restaurering.*»

Bygningsmiljøet og kulturlandskapet rundt stølane i Oppstryn er godt kartlagt, m.a. i samband med etnologisk feltarbeid i Oppstryn sommaren 1974. Difor er kunnskapen om kulturminne og bygningsmiljø på Sunndalssætra god (jf. nml. § 8). Ein føresetnad for å oppretthalde kulturlandskapet er at stølsmiljøa og bygningane på stølen er i bruk. Det er difor viktig å halde ved like bygningane for å oppretthalde kulturlandskapet (jf. nml. § 8).

Vilkåret i forskriften om at *alle endringar på bygg skal være i tråd med byggeskikken på staden og tilpassast landskapet i området*, vert vurdert av forvaltar til å være oppfylt. Dei fleste eldre sela på Sunndalssætra har kledning utanpå tømmerveggane og platetak. Forvaltar oppmoda søker om å søkje Norsk kulturarv og eventuelt Norsk Kulturmiljøfond dersom søker ønskte å restaurere selet utan å endre det utvendig eller tilbakeføre det slik det var opphaveleg, med torvtak og ytterveggar av tømmer, men det vart ikkje vurdert som



aktuelt. Fagkunnige innan bygningsvern på seksjon for kulturarv ved Vestland fylkeskommune tilrår at søkjær får løyve til å gjere endringane det er søkt om:  
*«Vi ser at dette arbeidet ikkje inneber restaurering i form av tilbakeføring til opphavleg utforming og materialbruk. Slike krav vert ikkje stilt då huset har gjennomgått ein endring over tid og tilpassa seg jamn bruk.»*

Tiltaket er ikkje venta å føre til belastning på økosystemet (jf. nml. § 10), utover den aktiviteten knytt til stølsmiljøet som det er ynskjeleg å ha for å oppretthalde kulturlandskapet. Jamfør nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, bør det setjast vilkår om at eventuelt behandla (målt, beisa, impregnert, m.m.) trevirke, og anna avfall som blir til overs, skal fraktast ut av nasjonalparken, og at det ikkje skal liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført. Reint, ubehandla trevirke kan brukast som brensel i selet. Kostnadane ved miljøforringelse er lite aktuelt i dette tilfellet (jf. nml. § 11).

Den samla belastinga av støy og uro frå helikopter vil vere merkbar i byggjepериодen, men forvaltninga vurderer dette som tolbart i ei avgrensa periode (nml § 10). Det er eit mål i Jostedalsbreen nasjonalpark å holde nivået på den motoriserte ferdsla så låg som mogeleg.

Søkjær ønskjer å gjere ferdig arbeidet i løpet av 2022, men forvaltar meiner det vil vere rett å setje frist til utgangen av 2023, i tilfelle været – eller andre tilhøve skapar forseinkingar i arbeidet.



Arkivsaksnr: 2022/4541-0

Sakshandsamar: Marthe Gjerde

Dato: 09.06.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	21/22	20.06.2022

## **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - dispensasjon frå verneforskrifta for innsamling av belegg til artsbestemming - Tungestølen**

### **Innstilling frå forvaltar**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Vegetasjonsrådgiver Tanaquil Enzensberger løyve til å ta belegg for å artsbestemme planter, sopp og lav i samband med utarbeiding av skjøtselsplan kring Tungestølen i Jostedalsbreen nasjonalpark. Løyvet gjeld fram til 15. november 2022.

Det er knytt følgjande vilkår for løyvet:

1. Løyvet gjeld personell som utfører feltarbeid i samband med utarbeiding av skjøtselsplan kring Tungestølen.
2. Det skal ikkje samlast inn belegg dersom det kan medføre fare for at arten blir borte lokalt (jf. § 9 «føre-var-prinsippet» i naturmangfaldlova).

### **Saksopplysningar**

#### **Dokument i saka:**

- Prioritering av planarbeid Tungestølen - skjøtselsplan 2022 - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, ST 5/22
- Skildring av oppdrag, Skjøtselsplan for heilskapleg kulturlandskap i områda kring Tungestølen og Nystølen på Veitastrond i Luster kommune, datert 10. mai 2022
- E-post med søknad om belegg av artar frå Tanaquil Enzensberger, datert 3. juni 2022
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova




## Bakgrunn:

Vegetasjonsrådgjevar Tanaquil Enzensberger søker om dispensasjon frå verneforskrifta for å kunne samle inn belegg av karplanter, mosar, sopp og lav der det er naudsynt for å sikert kunne bestemme rett art. Ho skriv at det i sjeldne tilfelle gjeld planter, og oftare sopp, mose eller lav.

Enzensberger skal på oppdrag frå nasjonalparkstyret i 2022 utarbeide ein skjøtselsplan for heilskapleg kulturlandskap i områda kring Tungestølen og Nystølen på Veitastrand i Luster kommune. Oppdraget skal gjennomførast i nært samarbeid med Jostedalsbreen nasjonalparkstyre v/forvaltarane. Føremålet med oppdraget er å utarbeide ein skjøtselsplan for det heilskaplege kulturlandskapet i kring desse stølane, slik at ein lettare skal kunne prioritere tiltak som gir størst effekt for å betre naturtilstanden og tilstanden til kulturlandskapet i planområdet, både innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark og utanfor. Resultatet skal presenterast i ein rapport.

Skjøtselsplanen skal dekkje det heilskaplege kulturlandskapet i området kring Tungestølen og Nystølen, sjå kartfigur under. Feltarbeidet skal utførast i perioden 1. juli – 15. november 2022.



Kartet illustrerer avgrensing av planområde (raud strek) og områda med NiN-kartlegging i dei delane av Langedalen og Austerdalen som ligg innanfor nasjonalparksgrensa som blei gjennomført i 2017 (grøn).



### Lovgrunnlag:

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, jamfør forskriftera datert den 25. oktober 1991:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

All vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er verna mot all slags skade og øydelegging, jf. kap. IV, § 2.1. i verneforskrifta, men nasjonalparkstyret eller den dei gjev fullmakt, kan vurdere å gjere unntak frå vernereglane m.a. for vitskaplege undersøkingar, jf. naturmangfaldlova § 48, dersom omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje stirr med verneføremålet, og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerala korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### Vurdering

Førekomst av karplanter, mosar, sopp og lav er dårleg kjent i nasjonalparken, og det er ønskjeleg å auke kunnskapsgrunnlaget for desse artsgruppene. Nokre artar kan ikkje artsbestemmast sikkert i felt, og må samlast inn om ein skal klare å fastslå kva art det er.

Kunnskapsgrunnlaget om konsekvensane av naudsynt innsamling av belegg av planter, sopp og lav blir vurdert som godt (jf. naturmangfaldlova § 8). Kunnskapsgrunnlaget vurderast å vere tilstrekkeleg i denne saka slik at det ikkje er naudsynt å ta i bruk nml § 9, «Føre-var-prinsippet».

Den samla belastninga på flora og funga (soppflora) i området blir vurdert å vere låg (jf. naturmangfaldlova § 10). Å ta belegg etter standardiserte metodar er viktig for dokumentasjon av biologisk mangfald, og vi er kjent med at søkjær har erfaring med slikt arbeid og god kjennskap til artane sitt livsmiljø og til nasjonal førekomst og utbreiing. Innsamling vil særleg vere retta mot sjeldne og lite kjende artar. Vi føreset at det blir tatt omsyn til artane si vidare overleving i området (jf. naturmangfaldlova § 12). Prinsippet om kostnad ved miljøforringelse vurderast som ikkje relevant (nml § 11).

Resultata frå undersøkinga vil inngå i framtidig kunnskapsgrunnlag for forvaltning av nasjonalparken. Betre kunnskap om kva artar som er knytt til ulike miljø, vil kunne gi oss kunnskap om det vil vere behov for skjøtselstiltak.

Med vilkåra over meiner vi at innsamlinga ikkje vil påverke naturkvalitetane nemneverdig. Nasjonalparkforvaltar vurderer at ei omsynsfull og kritisk innsamling for vitskapleg føremål ikkje er i strid med verneføremålet, og vilkåret i fyrste avsnitt i naturmangfaldlova § 48 er difor oppfylt.

## **ST 22/22 Delegerte saker**



Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Rådhusvegen 1  
6868 Gaupneststed

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3133  
svlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

Anders Folven  
Peter Wanviks Veg 29  
7022 TRONDHEIM

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2019/4933-21 432.3

Dykkar ref.

Dato 18.05.2022

## Delegert vedtak

**Delegasjonssak**

**7/2022**

## Jostedalsbreen nasjonalpark - Storselet på Sunndalssætra - utvida frist for ferdigstilling

### Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort følgjande vedtak:

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3., første ledd, gjev nasjonalparkforvaltaren Anders Folven utvida frist til 31.12.2022 for ferdigstilling av riving/gjenoppbygging av storselet til Gnr/Bnr 17/3, Anders-bruket, på Sunndalssætra i Stryn kommune.

Nasjonalparkstyret sitt vedtak av 30.oktober 2017 med løyve til riving og gjenoppbygging av storselet står framleis ved lag, med endringar vedteke av Miljødirektoratet 11.09.2019 i *Avgjerd i klagesak – riving og gjenoppbygging av sel i Jostedalsbreen nasjonalpark*.

Løyve til riving/gjenoppbygging av bygget vert gitt på vilkår av at:

- Eit nytt storsel blir bygd identisk med eksisterande bygg, inkludert vindauge og dører.
- Eksisterande bygning blir fotografert frå alle vinklar på førehand og sendt til nasjonalparkforvaltaren.
- Alt rivingsmateriale skal fraktast ut av nasjonalparken og leverast til godkjent mottak.

Byggjeløyvet for det omsøkte bygget gjeld til og med år 2022. Rapport og biletet vert sendt nasjonalparkforvaltaren ved avslutta prosjekt. Materialar skal lagrast forsvarleg. Søkjær må innhente løyve til prosjektet etter anna lovverk. Løyve til motorferdsle vert handsama separat.

Byggjeløyvet vert med dette utvida med eit år.



## Dokument i saka

- Søknad frå Anders Folven med vedlegg - datert 24.05 2017
- Styresak 22/17 - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre – 19.06.2017
- Styresak 38/17 - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre – 30.10.2017
- Avgjerd i klagesak – Miljødirektoratet – 11.09.2019
- Søknad om utsett frist – datert 5.4.2021 og 20.07.2021

## Søknaden

Anders Folven søkte i epost av 05.04.2021 om utsett frist for ferdigstilling av riving og gjenoppbygging av storselet på Sunndalssætra. Søknaden er grunngjeve med lang sakshandsamingstid og den då pågående pandemien.

Søkjar purra 20.juli 2021 med ny epost der han etterlystre svar på søknaden om utsett frist. Ingen av desse epostane har nådd fram til Nasjonalparkforvaltninga då dei var sendt på ei epostadresse som var gått ut av bruk i samband med samanslåinga av fylkesmannsembata. Det har gått ut eit varsel til søker om at epostadressa ikkje var i bruk, men dette varselet har ikkje blitt registrert av søker, truleg har det hamna i eit spamfilter.

Søknaden gjeld såleis utsett frist for ferdigstilling med eit år.

## Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfaldslova)

## Bakgrunn for saka:

Anders Folven søkte 24.05.2017 om restaurering avsel, fjøs og riving/gjenoppbygging av storselet på Sunndalssætra. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav i styresak 22/17 den 19.06.2017 løyve til restaurering av sel og fjøs, men utsette handsaminga av søknaden om riving/gjenoppbygging av storselet.

Nasjonalparkstyret gjorde nytt vedtak i møte 30.10.2017 kor det vart gjeve løyve til riving og gjenoppbygging av storselet på vilkår. Søkjar klaga på eit av vilkåra i løyvet og saka vart sendt til miljødirektoratet for endeleg avgjerd. Miljødirektoratet gjorde vedtak i klagesaka 11.09.2019, der dei tok klaga til følgje. Nasjonalparkstyret sitt vedtak i styresak 38/17 vart ståande med følgjande endringar:

1. Dette vilkåret gjeld ikkje: «Tiltakshavar inngår langsiktig leigeavtale med eit turlag, turistforeining, organisasjon eller ideell stifting om utleige av storselet for å sikre ålmenta sin tilgang til overnatting på Sunndalssætra.»
2. Fristen for å gjennomføre riving og gjenoppbygging vert sett til ut året 2021.

Søkjar meldte 15.05.2022 frå til SNO Jostedalsbreen om at han ville transportere materialar til storselet på Sunndalssætra førstkomande fredag. Nasjonalparkforvaltar gjekk då igjennom sakspapira og fann at løyvet til riving/gjenoppbygging gjaldt ut 2021, og dermed ikkje var gyldig lenger. 16.05.22 prøvde nasjonalparkforvaltar å få kontakt med søker på telefon og sendte epost der søker vart varsle om at han måtte søkje om nytt løyve.



Søkjar tok då kontakt pr telefon og sa at han hadde søkt om utsetjing våren 2021 og purra på svar i juli 2021. Søkjar sendte kopiar av epostane som han hadde sendt våren og sommaren 2021. Nasjonalparkforvaltar etterlyste epostane internt hjá statsforvaltaren. Det viste seg då at epostane var sendt på ei gammal epostadresse som ikkje lenger er i bruk. Dei hadde difor ikkje nådd fram til nasjonalparkforvaltninga.

### Verneforskrift og verneformål

For all utgreiing kring lovgrunnlag, om søknaden og tidlegare vurderinger vert det vist til miljødirektoratet sitt brev av 11.09.2019 *Avgjerd – riving og gjenoppbygging av sel i Jostedalsbreen nasjonalpark og styresakene 22/17 og 38/17*

### Vurdering

Forvaltar vurderer at utsett frist for ferdigstilling av prosjektet med eit år ikkje vil påverke verneverdiane på nokon måte. Det medfører berre at tiltaket vert gjennomført på eit seinare tidspunkt enn opphavelig omsøkt.

At søknaden søknaden no vert handsama etter at fristen for riving/gjenoppbygging er gått ut er uheldig. Det ville normalt sett ha medført ny handsaming av heile byggjesaka. Men at søknaden om utsetjing ikkje nådde fram kjem av eit samanfall av fleire uheldige omstende som ikkje kan lastast på søkjar. Dersom søknaden om utsett frist hadde nådd fram til nasjonalparkforvaltninga då den vart forsøkt sendt inn i april 2021, ville sakshandsaminga ha vore enkel, mest som ein formalitet.

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Tor Arne Hauge  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
STRYN KOMMUNE  
[anne.rudsengen@miljodir.no](mailto:anne.rudsengen@miljodir.no)

Njøsavegen 2                    6863                    LEIKANGER  
Tonningsgata 4                    6783                    STRYN



Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Rådhusvegen 1  
6868 Gaupneststed

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3133  
sfvpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

Anders Folven  
Peter Wanviks Veg 29  
7022 TRONDHEIM

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2019/4933-23 432.3

Dykkar ref.

Dato 18.05.2022

## Delegert vedtak

**Delegasjonssak**

**8/2022**

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikoptertransport - Storselet på Sunndalssætra**

### **Delegert vedtak**

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
14.03.2016, vert det gjort følgjande vedtak:*

I medhald i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 4.3., andre strekpunkt gjev nasjonalparkforvaltaren Anders Folven løyve til å motorferdsle med helikopter til frakt av bygningsmaterialar i samband med riving/gjenoppbygging av Storselet på Sunndalssætra i Stryn kommune.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld bruk av helikopter til landing på Sunndalssætra i samband med frakt av materialar og utstyr til arbeid på selet, jf. tidlegare løyve (sak 38/17).
- Løyvet dekkjer inntil 30 turar med helikopter fra Sunndalen gard til Sunndalssætra
- Løyvet gjeld i perioden 20.mai 2022 til 30.juni 2022.
- Den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagar og på offentlege fridagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Flyginga kan gjerne kombinerast med andre transportoppdrag til Sunndalssætra som gjeld frakt av material, utstyr, proviant inn til setra, søppel ut frå setra, eller liknande, men skal halde seg til det løyvde talet turar.
- Seinast dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsgen (tlf 95 96 38 88) eller underteikna (90 19 24 71) varslast pr. sms eller telefon.
- Det skal gjevast skriftleg rapport til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter flyginga som er gjennomført.

Vi vil minne om at løyve etter motorferdslelova også må innhentast frå Stryn kommune, samt frå grunneigar.



## Dokument i saka

- Søknad frå Anders Folven datert 18.mai 2022, om løyve til motorferdsle
- Søknad frå Anders Folven datert 10. mai 2018, med supplerande informasjon.
- Delegert sak - Løyve til helikoptertransport – Storselet Sunndalssætra – 25.05.2018
- Brev frå Miljødirektoratet datert 11.09.2019 – Avgjerd i klagesak – riving og gjenoppbygging av sel i Jostedalsbreen nasjonalpark
- Styresak 22/17 - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre – 19.06.2017
- Styresak 38/17 - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre – 30.10.2017
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

## Søknaden

Søknaden gjeld bruk av helikopter til frakt av materialar og utstyr i samband med riving/gjenoppbygging av storselet på Sunndalssætra, jamfør løyve som Anders Folven tidlegare har fått frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i styresak 38/17, seinare stadfesta av miljødirektoratet i brev av 11.09.2019.

Det vert søkt om inntil 40 turar med helikopter i perioden 20.mai til 30.juni 2022. Flyginga er planlagt gjennomført i tre omgangar, første omgang 20.mai, andre omgang i byrjinga av juni og siste omgang i midten/slutten av juni.

Flyginga er planlagt gjennomført av Helitrans.

Andres Folven søkte og fekk i 2018 løyve til inntil 10 landingar med helikopter i samband med planlagt riving av storselet. Dette løyvet vart ikkje nytta, då søker ikkje godtok eit av vilkåra som var gjeve i løyvet til riving/gjenoppbygging og utsette rivinga.

## Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfaldslova)

## Lovgrunnlag

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyremakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av materialar til hytter m.v., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trangen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



## Vurdering

Frakt med helikopter er einaste realistiske fraktmåte for å store mengder byggematerialar og utstyr som det er trond for i samband med riving og gjenoppbygging av storselet på Sunndalssætra. Med ei maks lastevekt på om lag 1000 kg pr hiv så blir det trond for mange hiv i eit så stort byggeprosjekt. Det er søkt om inntil 40 hiv inn til Sunndalssætra fordelt på tre dagar med flyging. Forvaltar meiner at det ikkje bør gjevast løyve til meir enn 30 hiv i denne, omgang. Om det viser seg at dette vert i minste laget kan det søkjast om fleire hiv seinare.

Den motoriserte ferdsla kan påverke friluftslivet i området dei dagane flyginga vert gjennomført, men nasjonalparkforvaltaren meiner at vilkåra i løvet reduserer den påverknaden på friluftslivet sidan det ikkje vert flyging i helgar og på heilagdagar. Kunnskapen om naturmangfaldet er god, informasjonen er henta frå forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark og miljostatus.no (artar på raudlista, prioriterte artar, viktige naturtypar, utvalde naturtypar og villreinområde), og i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8.

Forvaltar meiner vidare at samla belastning av tiltaket (§ 10) er akseptabel, då den omsøkte motorferdsla også låg inne i vurderingane om byggeprosjektet. Det er noko flyging av material til andre bygningsprosjekt, men det er av avgrensa karakter. Føre-var-prinsippet får difor liten vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9, ei heller § 11. Det er ikkje alternative driftsmetodar for å frakte inn så mykje utstyr til Sunndalssetra enn med helikopter (§12). Av omsyn til folk som ferdast i området, er det vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet.

## Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Tor Arne Hauge  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
STRYN KOMMUNE  
SNO - Jostedalsbreen

Njøsavegen 2      6863      LEIKANGER  
Tonningsgata 4      6783      STRYN





Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Rådhusvegen 1  
6868 Gaupne

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3131  
sfv/post@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

Høgskulen på Vestlandet  
v/Mette K. Gillespie

Sakshandsamar Marthe Gjerde

Vår ref. 2019/8670-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 19.04.2022

## Delegert vedtak

Delegasjonssak

3/2022

# Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida løyve for motorferdsel og utvida feltperiode i 2022 for JOSTICE-prosjektet – Høgskulen på Vestlandet

## Delegert vedtak

I samsvar med delegeringsfullmakt datert 14.03.2016 vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt i verneforskrifta, å gje Høgskulen på Vestlandet v/ Mette K. Gillespie utvida løyve for motorferdsle med helikopter og snøscooterar for radarmåling i samband med feltarbeid for JOSTICE-prosjektet fram til og med 30.04.2022.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld for bruk av 3 snøscooterar i maksimum 4 dagar i dei nordlege områda av breen merka i kart vedlagt søknaden for radarmåling. Dersom bruk av snøscooter ikkje er mogleg kan her nyttast helikopter for lågtflyging i samband med radarmåling i staden.
2. Løyvet gjeld for helikopterflyging og -landing i maksimum 4 dagar totalt over Nigardsbreen, i området mellom Melkevollbreen og Brenndalsbreen, samt ved Bergsetbreen og på platået over Lodalskåpa som vist i kart vedlagt søknaden.
3. Løyvet gjeld for perioden 19. april til og med 30. april 2022.
4. Totalramme for tal landingar med helikopter innanfor vernegrensa er sett til 40 for feltsesong våren 2022. Søkjar er sjølv ansvarleg for at totalramme for tal landingar med helikopter innanfor nasjonalparken ikkje vert overskride etter tidlegare gjennomførte flygingar.
5. Søkjar skal halde flyginga mest mogleg konsentrert i tid og rom, og så langt råd er halde flyginga rett over brearmane der målingane vert gjennomført og ikkje langs fjellsidene.

Løyvet gjeld på same vilkår som tidlegare gjeve rammeløyve datert 21.01.2022, med unntak av at det er opna for motorferdsel til og med 30. april 2022 for å kunne ferdigstille innsamling



av radarmålingar i omsøkte område vist i kart vedlagt søknaden, og at totalramme for tal landingar med helikopter innanfor nasjonalparken er justert ned etter tidlegare gjennomførte flygingar i 2022.

Løyvet gjeld for omsøkt aktivitet jf. verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er ansvarleg for å innhente løyve hjå Stryn og Luster kommune, samt frå grunneigarararar.

## Dokument i saka

- Søknad frå HVL v/Mette K. Gillespie sendt på e-post, datert 11.04.2022
- Telefonsamtale med Mette K. Gillespie 11.04.2022
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova
- Førerels svar på søknad per e-post datert 12.04.2022
- E-post frå Mette K. Gillespie med oversikt over førebels gjennomført og attståande feltarbeid for JOSTICE, datert 05.04.2022
- Delegert vedtak – løyve til motorisert ferdsle, datert 21.01.2022


## Søknaden

Høgskulen på Vestlandet, heretter kalla HVL, søkte via telefon og påfølgjande e-post datert 11.04.2022 om løyve til utviding av feltperioden i 2022. Det er trøng for ei utviding av eksisterande løyve til motorferdsle i samband med radarmålingar i JOSTICE-prosjektet for å kunne ferdigstille innsamlinga av data i utvalde område.

Frå søknaden:

*Som forklart i telefonsamtale tidligere i dag, så har vi på grunn av ustabile værforhold i lange perioder i mars, dessverre ikke fått dekket alle planlagte områder på Jostedalsbreen med målinger av istykkelse. Derfor ønsker vi å søker om utvidelse av den eksisterende løyve til og med 30. april.*

*Vi mangler især målinger i de viktige nordlige områdene av breen. Dette illustreres av kartet under, som viser hvor vi har målinger (rød strek) og hvor vi hadde et ønske om å kjøre (svart strek). Vi vurderer at det kommer til å ta 2 – 4 dager i felt med tre snøscootere at få innsamlet data i områdene som mangler.*




Kartfigur 1

Vidare skriv HVL:

*I tillegg til målinger med snøscooter har vi også ønske om å innsamle målinger med helikopter-radar systemet som vi testet med gode resultater i mars. Det har vært en bratt læringskurve, og vi ønsker derfor å repetere målingene som ble gjort på Nigardsbreen under den første testen og også forsøke å måle i området mellom Melkevollbreen og Brenndalsbreen igjen. Om der er tid og penger til mer så er området ved Bergsetbreen og på platået over Lodalskåpa også av interesse. Klarer vi ikke å komme oss i felt med snøscootere i de nordlige områder, så blir flyving i disse områdene prioritert.*

*Data innsamling med helikopter-radar systemet må gjøres under lav flyving, hvor rammen til radaren er 30 m over bakken. Vi forventer at dette arbeidet kan være fullført i løpet av ½ - 2 dages flyving. Et forslag til ruter under flyving er vis på kartet under, men kan selvfølgelig reduseres om noen områder er spesielt sårbar for helikopterflyving.*



Kartfigur 2

Mette K. Gillespie sendte den 5. april ein e-post til nasjonalparkforvaltninga der det vart informert om feltarbeidet i 2022 som var ferdigstilt til dess, og kva som gjenstod. Gillespie skriv mellom anna: «*Partnere fra NVE er for tiden i felt i de nordlige områder og skal være tilbake igjen torsdag eller fredag denne uken, så om denne uken går bra, så får vi ferdiggjort alle målinger av snø og is før påsken.*»

## Lovgrunnlag

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekommstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle, inkludert landing med luftfartøy og lågtflyging mindre enn 300 m over bakken, er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta pkt. IV, 4.1). Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel i samband med vitskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon. Fylgjande skal leggjast til



grunn for vurdering av søknaden: «Før eventuelt løyve vert gjeve skal trøngen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsala til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker som gjeld løyver etter den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsla til det som er strengt naudsnyt.

Nasjonalparkforvaltinga har vore i kontakt med Miljøavdelinga v/ Statsforvaltaren i Vestland samt Statens Naturoppsyn, og har også kontakta Gunnar Bergo som har arbeidd direkte med kartlegging av hekkelokalitetar til rovfugl for å avklare eventuell effekt av motorferdsel på dyrelivet i dei omsøkte områda (nml § 8). For å unngå unødig forstyrring av dyreliv vert det sett som vilkår at løyvet er gjeldande til og med 30. april og at ein ikkje strekk løyvet lenger ut i mai månad. Det er vidare sett vilkår om at sokjar skal halde flyginga mest mogleg konsentrert i tid og rom, og så langt råd er halde flyginga rett over breamane der målingane vert gjennomført og ikkje langs fjellsidene.

Helikopter og scooter er naudsynete hjelpemiddel til arbeidet (nml § 12). Nasjonalparkforvaltar veit at det har vore vanskar og delvis farleg å kome seg opp med snøscooter via Styggevatnet til Austdalsbreen, og det står i vilkåra at dersom dette framleis syner seg farleg kan lågtflyging med helikopter nyttast for radarmålinger i Austdalsbreen-området i staden. Løyvet gjeld for bruk av 3 snøscooterar i maksimum 4 dagar i dei nordlege områda av breen merka på kart i søknaden.

Løyvet gjeld for helikopterflyging og -landing over Nigardsbreen, området mellom Melkevollbreen og Brenndalsbreen, samt Bergsetbreen og på plataet over Lodalskåpa. Sokjar er sjølv ansvarleg for at totalramme for tal landingar med helikopter innanfor nasjonalparken vert overhalde etter tidlegare gjennomførte flygingar i 2021 og 2022. Utvidinga av helikopterflyging i høve datoane sett i opphavleg rammeløyve vil ikkje medføre auka samla belastning på naturverdiar, sidan tal turar vil vere det same (nml § 10).

Etter nasjonalparkforvaltaren si oppfatning ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på dette mangfaldet. Føre-var-prinsippet får difor lita vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9, ei heller § 11.

Av omsyn til folk som ferdast i området, bør det setjast vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsnyt, og føre til minst mogleg uro. HVL bør unngå



motorisert ferdsel i helgene. Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet.

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Marthe Gjerde  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Tor Arne Hauge	Postboks 7030	5020	BERGEN
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 77	6866	GAUPNE
Luster kommune			
SNO Jostedalsbreen	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statsforvaltaren i Vestland	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Stryn kommune			

**ST 23/22 Orienterings- drøftings- og referatsaker**  
**RS 17/22 Request for information - Jostedalsbreen research project July 22**  
**RS 18/22 Nynorsk versjon av søknadsskjemaet for bruk av kommersielt merke tilgjengeleg**  
**RS 19/22 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksmidlar til toalettløysing ved Kjenndalsbreen sommaren 2022 - Loen Reiselivslag**  
**RS 20/22 Verneområder og samarbeid med DNT om UT.no**  
**RS 21/22 Regional samling for Vestlandet i Loen 31. mai - 1. juni 2022 - Miljødirektoratet**  
**RS 22/22 Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 73 fjerde ledd til statsforvalteren og verneområdestyrrene**